



DET KONGELEGE
HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENT

Prop. 205 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følgje av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 28. mai 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

1.1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet gjer med dette framlegg om at departementet får fullmakt til å gjere endringar i basistilskot, driftstilskot og folketrygdrefusjonar for legehjelp, psykologhjelp og fysioterapi frå 1. juli 2021. Endringane for legehjelp og psykologhjelp vert gjort på grunnlag av forhandlingar med Den norske legeförening og Norsk Psykologforening. Endringane for fysioterapi vert gjort på grunnlag av forhandlingar med dei tre fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund. Endringar i refusjonstakstane blir fastsett i forskrifter. Forhandlingane med dei nemde organisasjonane er enno ikkje avslutta.

Regjeringa vil kome attende til Stortinget med framlegg om eventuelle løyvingsendringar.

1.2 Fastsetting av basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar

Basistilskot, driftstilskot og takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar vert fastsett for perioden 1. juli til 30. juni påfølgjande år.

Tingingane med Den norske legeförening og staten, KS og dei regionale helseføretaka om basistilskot, driftstilskot og takstar for tidsrommet 1. juli 2021–30. juni 2022, tok til 12. mai 2021. Tingingane mellom fysioterapeutorganisasjonane og staten og KS om driftstilskot og takstar starta 12. mai. Tingingane om driftstilskot og takstar mellom Norsk Psykologforening og staten og dei regionale føretaka starta 19. mai. Ingen av desse forhandlingane er avslutta. Partane held fram tingingane med sikte på å nå fram til avtalar i løpet av juni.

Spørsmålet om eventuelle endringar i utgiftene til kommunar, regionale helseføretak og folketrygda frå 1. juli på bakgrunn av forhandlingane med Den norske legeförening, Norsk Psykologforening og fysioterapeutorganisasjonane kan ikkje leggjast fram for Stortinget til handsaming i vårsesjonen. Regjeringa gjer difor

Endringer i statsbudsjettet 2021 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følge av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

framlegg om at det blir gitt fullmakt til å gjere endringar i budsjetta til dei regionale helseføretaka, trygderefusjonane og løyvingane til kommunane som følge av forhandlingane, samt endra forskrifter. Løyvingssakene vil bli lagt fram for Stortinget seinare.

Helse- og omsorgsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følge av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følge av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Helse- og omsorgsdepartementet (som følge av endra takstar for legar, psykologar og fysioterapeutar)

I

Stortinget samtykker i at Helse- og omsorgsdepartementet får fullmakt til å gjere endringar i løyvingane til dei regionale helseføretaka, kommunane og trygderefusjonane for legehjelp, psykolog-

hjelp og fysioterapi frå 1. juli 2021. Endringane vil bli gjort på bakgrunn av forhandlingane med Den norske legeforening og Norsk Psykologforening og Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund.